

FOLKEHELSE I SOGN OG FJORDANE

Fra regional organisering til lokal handling

Generelt:

I 1988 starta dåverande fylkesordførar Julius Fure (H) arbeidet for å få i gang eit fylkesdekkande førebyggjande prosjekt. Han fekk med seg eit samla fylkesting i å løyve 1 mill. kvart år i 3 år til Sogn og Fjordane-prosjektet. Prosjektet starta i 1990 og varte til og med 1995. Fylket fekk tilført statlege midlar over Samla Plan.

I 1996 vart prosjektet integrert i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det vart oppretta ei fast stilling som folkehelsekoordinator – denne vart lagt til regionalavdelinga, som då var ei stabsavdeling. I dag er stillinga ein del av team for plan og utvikling. Det er også oppretta eit tverretatleg folkehelsesteam som skal samle og koordinere fylkeskommunen sin aktivitet på området. Både kultur, opplæring og samferdsle deltek i folkehelsearbeidet, saman med dei vidaregåande skulane og Fylkessenteret for musikkterapi.

Arbeidet skjer elles i samarbeid og partnerskap med regionale aktørar, regionar og kommunar. Frivillige organisasjonar deltek også i konkrete oppgåver/prosjekt.

Forankring:

Folkehelse har vorte eit stadig meir synleg område i fylkesplanen gjennom dei tre siste planperiodane. I inneverande periode har folkehelse eit eige program som samlar mange prosjekt. Folkehelsekoordinator sit i fylkesplanteamet, og deltek såleis saman med fylkesplanleggjaren i utarbeidinga av Fylkesplan 2005-2008.

I 1997 vart det utarbeidd ein eigen plan om helsefremmande og førebyggjande arbeid i Sogn og Fjordane fylkeskommune der barn og unge, kultur og helse, skader og ulykker, samt sosiale nettverk var hovudsatsingsområda. Denne vart godkjent av fylkestinget i desember 1997.

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) driv eit aktivt og omfattande utviklingsarbeid, og har sin eigen fireårige handlingsplan for trafikktryggleik.

Fylkesdelplan for ungdom, som vart godkjent i fylkestinget i 1998, har førebyggjande arbeid som eit naturleg tema for ungdomsgruppa.

Programarbeid 2001-2004:

Gjeldande fylkesplan er delt i fire tema: 1) Eit godt liv, bu og leve 2) Næring og læring 3) Bærekraftig utvikling og 4) Infrastruktur. Handlingsprogramma ligg sortert under desse tema. Folkehelseprogrammet er lagt til tema Eit godt liv, bu og leve, men fleire tiltak og prosjekt av førebyggjande karakter er lagt inn i andre program og andre tema også.

I programmet Folkehelse og helsesamarbeid ligg fylgjande prosjekt:

- Fysisk aktivitet – rettar seg mot alle kommunane, har avtale med 7 kommunar om gjennomføring av konkrete tiltak for ungdom – kostnad 950.000,- pr år.

- Røykeførebygging – 8 vidaregåande skular – kr. 60.000,- kvart år
- Rusførebygging – alle kommunane, partnerskapsavtale med Nordfjord Regionråd (7 kommunar) – kr 750.000,- pr. år
- Trygge lokalsamfunn – rettar seg mot alle kommunane, har tettare kontakt med 4 kommunar – kostnad 300.000,- kvart år
- Eldresikkerheitsaksjonen – 3 kommunar deltek – kr. 75.000,- pr. år
- Tilskot til generelle førebyggjande tiltak – alle kommunane – 300.000 kr årleg

I programmet Ung i Sogn og Fjordane ligg fylgjande prosjekt:

- Uformelle møteplassar – alle kommunane – 300.000,- kr. pr. år.
- Utsett ungdom – 4-5 kommunar – 250.000 kr. pr. år
- Trygt eim for ein 50-lapp – alle kommunane – 1 mill. kvart år
- Nettbasert grunnkurs i HAFS – 5 kommunar – 50.000 kr. til forprosjekt
- Styrke barne- og ungdomstenesta i kommunane – 2-3 kommunar – kr. 200.000,- pr år.
- Lokale transporttilbod – alle kommunane – 1 mill. kvart år.

Tiltak utanom programarbeidet:

- Stilling som miljøarbeidar i alle vidaregåande skulane
- Open skule på ettermiddag og kveld (kurs og aktivitetar for elevane, frukost og middag/lunsj, disponible trenings- og datarom, vaskemaskin
- Oppfølging av hybelbuarar
- VIP-prosjekt i vidaregåande skule
- Integrering av funksjonshenna i fysisk aktivitet
- Seniorskyssen i 6 kommunar

Erfaringar:

Politisk merksemd om førebyggjande og helsefremmande arbeid er heilt nødvendig. Arbeidet må vere forankra i planar og utviklingsprogram, og ein må ha stillingsressursar som kan fylgje dette opp i høve kommunar, partnarar og eigen organisasjon. Ein må ha stimuleringsmidlar (finansielle musklar) som gjer fylkeskommunen til ein interessant samarbeidspart. Arbeidet må utviklast i eit likeverdig partnerskap med andre instansar både på regionalt og lokalt nivå i tett samarbeid med målgrupper og deltakarar. Fylkeskommunen må evne å fylle rollene som inspirator, koordinator, hjelpemotor og pådrivar.